

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 24.

Fylke: Nord-trøndelag.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Grong.

Emne: Måltider og mat.

Bygdelag: Namdalen.

Oppskr. av: Martin Bjerken.

Gard: B j e r k e n .

(adresse): Øyheim.

G.nr. 2 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. I dei eldre tider hadde ein 5 måltider om dagen og det er mykkje godt det samma no. Det var mårgåbatta, frukost, middag, non og kveldvar. Det var mårgåbatta kl.6, frukost kl. 8, middag kl. 12, non kl. 4 og kveldvar kl. 8.
3. dette var likeins sommer og vinter.
4. I høyåanna og unner tr^dskning var det "tikaffe" og "femkaffe" med ei brøskive atåt.
5. Hovedmålet var middagen og det var likeins både vinter og sommer.
6. Det var varm mat til middag og ogso tilkvels. I dei uåra ein hadde so mange av i den eldre tid kunde dei for å spara på mjølet ha kjøtsuppe til non istadenfor tømrat av brød.
7. Det var ikkje so mykkje å velja millom i matvegen i gammaltida og derfor vart vist matse^ddelen der/samma vika rundt. Men søndag var nokko betre mat enndei andre vikedagar.
8. Nokkon skilnad millom vinter og summer var det neppe anna enn at summers tid vart det brukt "kj^okmelk" meir enn vinters dag. Kjokmelka var rekna for kald til å vera vintermat. I kjokmelka braut ein alltid flatbrød og nokko mysost og det var rekna for ein utmerka mat på summers tid.

9. Fisk og sild vart brukt kvar dag både vinter og summer. Spekje flesk og kjøtt vart brukt til frukost og til middagsmat var det nesten alltid sild. Om summaren når varmen var sterkast bytta dei matsortar og hadde graut til middag og silda um kvelden. Ein vart gjerne so tyrst av den salte silda og ho høvde ikkje so godt på varmas- te dagen som om kvelden.
10. Flatbrød vart bruka til alle matmål men mest til fru- kost og middagsmaten. Når det var flesk eller annan feit mat måtte det vera flatbrød på bordet.
11. Matseddelen for ein dag var gjerne kaffe og ein potet- kavring til mærgåbatta, kaldgraut og melk og spekeflesk til frukost, spekesild og potet til middag med ei oste- skive med smør og flatbrød til middag, kjøkkmelk og flat- brød og mysost og spekekjøtt til nons og graut til kvels. Dette kunde varierast so det var kjøtsuppe til nons og so kunde det vera graut til middag og silda tilkvels. Det kunde ogso ein dag i vika vera sildsuppe til middagsmat eller koka sild til middagsmat og umlag slik var spiseseddelen vika rundt. Som sundagsmat kunde det være stekt flesk og melkesuppe og på dei gardar der dei hadde laksevald kunde det slompe å vera laksmiddag om søndagen. I slaktetida om hausten var det blodpølse og blodklubb og ferskkjøtt ein dag imillom og på kvar gard vart det kvart år slakte eit naut og litt fersk- kunde det verta av dette.
12. No etter at kondyrkninga og innførsla av mjølvarer er forbetrast har ein smørbrød til kaffen om morgenen so smørrebrødet vert brukt både til frukost non og kveldsmat. Som pålegg til smørrebrødet vert brukt pølser og ost eller mysost og etter at ein lærte seg å nytta all villbæra har ein syltetøi som pålegg til tømten kvar dag. Til middagsmat har kjøtt flesk og

fisk avløyst silda meier og meir og ho er vanskelegare å få kjøpt no enn i gamle dagar.

12. Skilnaden på matseddelen av idag mot den gamle matsede-er den at maten no inneheld fleire vitaminer enn den gamle gjorde. I den gamle tid var dei sparsomme med smøret då det var rekna som valutta men det vart vist brukt adskillig med mjølk ogso i den eldre tid ~~tid~~ og det hadde mykkje å segja for kosthaldet deira.
13. Kjøtt, fleisk, smør og melk er serleg omtykte matemner her i bygda.
14. Makrel får ein skjeldan her og kyllinger har ein ikkje meir av enn at det kan verta helgakost ein gong imillom.
15. Matsituasjonen er stort sjet den samma etter verdenskrig nr. 2 som tidlegare. Det ein saknar er ris og vidare tørrede frukter og likeins sukker og kaffe som det er knapt om. Sop vert ikkje brukt og heller ikkje brukar ein ~~ikke~~ tørkede frukter men derimot all den villbæra ein kan greie å samla. Kaffetilsetning vert heller ikkje brukt. Ein hadde nokk av den i krigsåra.

5084

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING